



Statens vegvesen region vest

Dato: 01.09.2016

Vår ref.: 2014/23709-36

Saksbehandlar: ingedva

Dykkar ref.: 16/17819

Søknad - tilskotsordninga auka sykkelbruk 2017

Hordaland fylkeskommune viser til invitasjonsbrev angåande tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har valt å utforma ein felles søknad i år og, der Hordaland fylkeskommune har koordineringsansvaret. I invitasjonsbrevet heiter det at kommunar og fylkeskommunar med forpliktande avtale om auka sykkelsatsing vil verta prioritert. Gjennom Sykkelenbyen Bergen har Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune eit slikt forpliktande samarbeid.

For 2017 søker Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om tilskot til følgande tiltak med søknadsbeløp:

På kommunal veg:

Etablering av g/s-veg frå Osvegen til Slåtthaug idrettspark, Bergen	3,5 mill. kr.
Etablering av g/s-veg i prosjektet «Snarvegar til Bybanen» med følgande prosjekt:	
Råstølen 1	0,5 mill. kr.
Råstølen 2	0,5 mill. kr.
Råstølen 12	0,65 mill. kr.

På fylkesveg:

Etablering av g/s-anlegg Skrivervegen, Stord	2,75 mill. kr.
Etablering av g/s-anlegg Rometveitvegen, Stord	3,5 mill. kr.
Utbetring av eksisterande g/s-veg Gjernesvegen, Voss	1,5 mill. kr
Sykelparkering fire vidaregåande skuler	0,32 mill. kr.

Eigenandelen på 50% vert innarbeidd innanfor dei økonomiske rammene til vegeigar.

Eigenandelen er avklåra administrativt for alle tiltak. Politiske vedtak om forpliktingar i høve til eigenandelen vert ettersendt så snart dei er fatta, innan 22. september 2016.

Samla kostnader for dei ulike prosjekta er 26,44 mill. kroner. **Det vert søkt om 13,22 mill. kroner i tilskot.**

Vi vil gjere merksam på at for prosjekta i Bergen på kommunal veg vil Bergen kommune vere ansvarleg for oppfølging, gjennomføring, rapportering underveis og sluttrapportering.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Inge Edvardsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Bergen kommune

Vedlegg

- 1 Tilskotsordning til tiltak for øka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Søknad frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om midlar for 2017.
- 2 Søknad Stord
- 3 Vedlegg Voss
- 4 Søknad Bergen
- 5 Søknad HFK sykkelparkering skoler